

Reguleringsføresegner

Reguleringsplan for Muggeteigen, Lærdal – detaljregulering

Føresegner i samsvar med plan- og bygningslova § 12-5.

Føresegnene er knytt til plankart, teikn dato... i samsvar med vedtak.... og gjeld for det området som er synt med plangrense.

1 Reguleringsformål

1.1

Busetnad og anlegg (pbl.§12-5. Nr 1)

- Råstoffutvinning

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl.§12-5. Nr 2)

- Kjøreveg

Landbruks-, natur- og friluftsføremål, samt reindrift (pbl.§12-5. Nr 5)

- LNFR

Omsynssone (pbl § 12-6)

- Frisiktsone
- Fareområde – skred

2 Felles føresegner

2.1 Utforming av tiltak

2.1.1 Alle inngrep skal planleggjast og utførast slik at skadeverknadene på natur og landskap vert minimert. Det skal sikrast ei kantsone med vegetasjon langs formålsgrensa.

Uttaket skal følge en etappeinndelt driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal til en kvar tid vere godkjent av Direktoratet og skal vanlegvis ajourførast kvart 5. år eller etter nærare avtale med Direktoratet.

2.2 Driftstider

2.2.1 Driftstid i anlegget er kl. 0700-1600 på kvardagar, måndag-fredag, med moglegheit for lasting av stein og ferdigvare fram til kl. 19.00. Laurdag er det tillate med transport og lasting av massar kl. 0700-16.00 Boring, sprenging og pigging er kun tillate måndag-Fredag 07.00-16.00. Drift er ikkje tillate søndag og helgedagar. Full stopp (2+2 veker) i fellesferien.

2.3 Rekkjefølgje

2.3.1 Før igangsetjing av steinuttak skal avkøyrsla opp til planområdet utbetrast. Utforming og sikt-tilhøve skal tilfredsstillast Statens vegvesen sine krav.

2.3.2 Ved fylling av stein og uttak av massar i BSM1 skal det til ei kvar tid vera fungerande tiltak for å handtera overvatn frå lager- og produksjonsområdet slik at omgjevnadene ikkje vert tilført skadeleg avreining, jfr. pkt. 3.1.1.

2.3.3 Vull for støyskjerming og visuell skjerming må vera etablert og fungerande til ei kvar tid mot busetnad, før uttak av stein og massar kan finna stad, jfr. pkt. 3.1.1.

2.3.4 Ein uavhengig vurdering og naudsynt sikringstiltak for skred/ras må gjerast i forkant av planlagt arbeid og i samsvar med TEK 10, mellombelse anlegg, § 1-2.

2.3.5 Etter kvart som uttak er ferdig, skal skrått terrenget setjast i stand slik at vegetasjon kan etablere seg. Etter at steinmassane i heile uttaket er utnytta, skal det ryddast opp, og området skal setjast i stand til LNFR-formål, jfr også pkt 3.1.1 og pkt 3.3

3. Arealformål

3.1 Busetnad og anlegg. Råstoffutvinning (1200)

3.1.1 Område for råstoffutvinning (1200)

Område BSM1 er regulert til steinbrot og masseuttak.

For å skjerma mot støy og innsyn skal det etablerast vollar med tilstrekkeleg høgd.

Voll ved mellomlagingsområdet skal stellast til på ein landskapsmessig forsvarleg måte.

Overvatn og sigevatn frå området skal takast hand om. For å redusera miljøpåverknaden for nærliggjande område skal følgjande tiltak etablerast:

- avskjerande grøfter for oppsamling og bortleing av overvatn rundt masseuttaket
- etablering av sandfangkum og infiltrasjonsanlegg med inspeksjonskum for avreining frå området som er dekkja av masseuttaket.
- sedimenteringsanlegg dersom infiltrasjonsanlegget ikkje har tilfredsstillande Renseevne - det skal monterast ein inspeksjonskum også ved utlaup frå sedimenteringsbasseng.

I området er det tillate mellombels etablering av bygningar og andre anlegg som er naudsynte for drifta, herunder transportband, siloanlegg, oppstillingsplassar for køyretøy og utstyr og liknande. Alle bygnadsmessige anlegg krev søknad i samsvar med plan og bygningslova og tilhøyrande forskrifter.

I driftsperioden skal dei delane av masselageret og masseuttaket som kan medføre fare for menneske eller husdyr, haldast forsvarleg sikra.

Området skal setjast i stand fortløpande etter som drifta av delar av massedeponiet eller masseuttaket vert avslutta.

Tiltakshavar må retta seg etter følgjande krav med omsyn til ureining:

Støv

Støvflukt frå anlegget skal begrensa ved bruk av vatning.

Tiltak for støvflukt skal settast i verk umedelbart dersom det oppstår støvflukt frå anlegget som er til skade og sjenanse for naboar.

Nedfallsstøv frå lagring eller produksjon målt ved grensa av reguleringsfremålet skal ikkje på noko tidspunkt overstiga 5 g/m² pr 30 døgn.

Støy

Støy skal ikkje overstiga krava som er sett i støyvurderingsrapport, jfr. Rapport utarbeide av SWECO: «Steinuttak Muggeteigen, Lærdal – Støyberegning prøveuttak», datert 19.12.2014.

Det skal gjerast oppfølging av støynivå undervegs, ved høve.

Til vatn

Det skal gjennomførast naudsynlege tiltak for å hindra at avreining og sediment frå steinuttak vert ført ut av planområde. Dimensjonering av infiltrasjonsanlegg og sedimenteringsbasseng skal skje ut frå førekomande vassmengder.

Plan for handsaming av avreining skal godkjennast av kommunen.

Avsluttande arbeid

Området regulert til uttak av stein skal etter avslutta uttak setjast i stand og nyttes til LNFR (Landbruk-, natur- og friluftformål samt reindrift) område. Alle istandsettingsarbeider skal gjennomførast innan eit år etter at feltet er ferdigdrevet. Heimelshavar er ansvarlig for dette.

Drifta skal vera avslutta og området skal vera avvølt og rydda seinast 20 år etter at reguleringsplanen er vedteken.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (2011)

3.2.1 Kjøyreveg (2011)

V01 er regulert til kjøyreveg. V01 skal opparbeidast som vist på plankartet i samsvar med tekniske planar godkjent av rette myndigheit og i medhald til Handbok N100 Veg og gateutforming frå Statens Vegvesen.

Kjøyrevegen V01 er regulert med en reguleringsbredde på 5 m og en kjørebanebredde på 4 m.

Det er tillate å etablere mellombels veg for tilkomst til steinuttak og skogbruksområde i planområde.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift

3.3.1 Landbruks-, natur- og friluftsføremål (5000)

Området på utsida av steinuttaket skal haldast rydding og synast som grønt landskap.

Området skal setjast i stand fortløpande etter som drifta av delar av steinuttaket eller vert avslutta. Det leggst vekt på bevaring av eksisterande vegetasjon og eventuell supplering av denne ved planting.

4. Omsynssoner

4.1 Sikringssone – frisikt

Innanfor frisiktsona ved vegkryss tillates det ikkje sikthindrande gjenstandar høgare enn 50 cm over vegbana. Frisiktsona er regulert til 45 m.

4.2 Faresone- Ras og skredfare

Faresone for ras og skred, omfattar skravert område på plankartet.